



Fjell kommune

Arkiv: 460
Saksmappe: 2011/760-11320/2011
Sakshandsamar: Espen Elstad
Dato: 20.05.2011

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/11	Komite for finans og forvaltning	07.06.2011

Høyring - Uttale til forskrift om bruk av vannscooter

Samandrag av saka:

Miljøverndepartementet har ny forskrift for bruk av vannscooter ute på høyring. Fjell kommune har frist til 8. juni for å sende uttale. Forskrifta gjev utfyllande reglar for kommunane sin heimel etter småbåtlova om å gjere unntak frå forbodet mot bruk av vannscooterar og liknande. Etter ny forskrift som nå er på høyring, skal kommunane etter søknad opne for bruk av vannscooter utanfor det kystnære belte, der det ikkje er konflikt med omsynet til miljø- eller sikkerheit.

Rådmannen er samd i at bruk av vannscooter skal vere strengt regulert, men etter høyringsutkastet er det få område der det er mogleg å opne for bruk av vannscooterar i Fjell kommune. Ei ny forskrift bør ta innover seg at områder vert nytta forskjellig gjennom året. Forskrifta bør ha opning for å gi tidsavgrensa løyve til køyring i område der det kan vere uproblematisk for bruk av vannscooter på t.d. vinteren, sjølv om det er ein hekkeplass for fugl på forsommaren.

Innstilling:

Komité for finans og forvaltning gjer slikt vedtak:

1. Komiteen er positiv til hovudtrekka i høyringsutkastet, men ønskjer opning for lokal tilpassing og fleksibilitet.
2. Forskrifta bør opne for bruk av vannscooter i delar av året når konfliktnivået lokalt er lågt. Føringar for handsaming av søknad må vere forankra i lokal forskrift.
3. Ved festivalar og arrangement bør det vere høve å søkja dispensasjon for bruk av vannscooter. Føringar for handsaming av søknad må vere forankra i lokal forskrift.

Straume, den 26.05.2011

Steinar Nesse
Rådmann

Willy Sørensen
Plan- og utbyggingssjef

Handsama i Komite for finans og forvaltning - 07.06.2011:

Rådmannen si innstilling vart **samrøystes** vedteke.

Vedtak i Komite for finans og forvaltning - 07.06.2011:

1. Komite for finans og forvaltning er positiv til hovudtrekka i høyringsutkastet, men ønskjer opning for lokal tilpassing og fleksibilitet.
2. Forskrifta bør opne for bruk av vannscootar i delar av året når konfliktnivået lokalt er lågt. Føringer for handsaming av søknad må vere forankra i lokal forskrift.
3. Ved festivalar og arrangement bør det vere høve å søkja dispensasjon for bruk av vannscootar. Føringer for handsaming av søknad må vere forankra i lokal forskrift.

Best utskrift
8/6-11
[Signature]

Dokument vedlagt saka:

Høyringsbrev med "Utkast til ny forskrift om bruk av vannscooter", datert 02.03.2011
Kart med restriksjonsområde

Saksopplysningar:

Bruk av vannscooter er i dag regulert gjennom småbåtloven § 40. Det er ikkje høve til å gje dispensasjon frå lova, men § 40 gjev kommunane heimel til å opne områder for bruk av vannscooter ved å vedta dette i ei lokal forskrift. Eit område kan opnast for bruk av vannscooterar der det ikkje er konflikt med ferdsle, dyr- og planteliv, skapar ulempe i form av støy eller er til fare for allmenta.

Etter ny forskrift om bruk av vannscooter, som no er på høyring, skal kommunane etter søknad opne for bruk av vannscooterar utanfor det kystnære belte, der det ikkje er konflikt med omsynet til miljø- eller sikkerheit. Område for vannscooterar må vedtakast i lokal forskrift. I vår region er det kystnære belte delt inn i sårbare område, verneområde, viktige friluftsområde, hytteområde, bustadområde, rekreasjonsområde, badeområde, område med viktige naturtypar, inngrepsfrie naturområde, farleia og uklassifiserte område. Det er i dei uklassifiserte områda eller der det ikkje er openbar konflikt, at det kan opnast for bruk av vannscooter. Alle desse tema kan lastast opp i eit kart. Kartet syner at det vært svært få plassar i Fjell det vert mogleg for kommunen å opne for køyring. Kommunen kan opna for vannscooter midtjfjords i Hjeltefjorden, utanfor Ågotnes og vest i havet, utanfor og nord om Løno.

Vurdering:

Rådmannen er samd i at bruk av vannscooter skal vere strengt regulert. Vannscooterar skapar mykje støy, dei har høg toppfart og dei kan køyra nære land. På grunn av årsvariasjonane er det likevel ulike føringar som bør leggjast til grunn for køyring med vannscooter. På stader der det på vår og forsommar kan vere eit yrande fugleliv kan det på haust og vinter vere heilt "dødt". På same måte er det i område med fritidsbustader, der det på haust og vinter er lite aktivitet. Spørsmålet er derfor om forskrifta skal vere så streng at det sett forbod om bruk av vannscooter gjennom heile året når den t.d. hekking av sjøfugl er avgrensa til vår og tidleg sommar. Ei ny forskrift om bruk av vannscooter bør ta innover seg at områder vert nytta ulikt gjennom året. Forskrifta bør derfor ha opning for å gje tidsavgrensa løyve til køyring i område der det kan vere uproblematisk for bruk av vannscooter på t.d. vinteren, sjølv om det er ein hekkeplass for fugl på forsommaren.

Det bør også vere mogleg å søkja dispensasjon for bruk av vannscooter ved festivalar og liknande arrangement. På same måte som ved større konsertar og festivalar vil folk akseptere eit høgare støynivå i sitt nærmiljø om det er knytt til festival eller arrangement. Nærleiken til bustad- og hytteområde vil da bety mindre. Mange område på sjøen er etter høyringsframlegget uegna for bruk med vannscooter nettopp på grunn av nærleiken til bustad- og hytteområde.